



## Notat

Dato: 10.06.2014  
Arkivsak: 2014/17343-2  
Saksbehandlar: vibnym

---

**Til:** Fylkestinget

---

**Frå:** Fylkesordføraren

---

### Svar på spørsmål til fylkesordføraren vedkomande elev-PC.

Fylkesordføraren viser til spørsmål frå Aud Karin Oen:

«I media kan ein igjen lesa om «datakaos» på dei vidaregåande skulane. Sv har i fylkesutvalet i mars spurd om dette og fått forsikringar om at «alt er på stell». No skapar dette store overskrifter i media att og leiaren for helse og opplæring forsikrar at dette ikkje skal skje igjen. Er dette eit reelt problem? I såfall kva tiltak er satt inn?»

I saka frå BT 22.05.2014 blir det vist til utfordringar som har oppstått i samband med innføring av privateigde elevmaskiner hausten 2013.

Ei utfordring har vore at nokre elevar ikkje har stilt med maskin til skulestart. Ettersom ordninga var ny i fylket rekna nok mange elevar og føresette med å få tildelt maskin på skulen som i tidlegare år. Resultatet blei at mange venta med å bestille maskin til etter skulestart. I tillegg blei det forseinkingar i leveransen frå leverandør, dei elevane som bestilte innan ein frist fekk ikkje maskin før skulestart som lova.

Leverandør har nå gjennomført tiltak for å få til ein raskare leveranse. Samstundes vil elevane komande skuleår i større grad vere førebudd på ordninga som betyr at fleire vil bestille maskiner tidleg og vil dermed få dei levert innan skulestart.

Ei anna utfordring var distribusjon av programvara Office. Problemet med distribusjon vil løysast ved at HFK til hausten går over til Office365. Det betyr ein enklare distribusjon og installasjonsprosess.

Gjennom skuleåret 2013/2014 har skulane opparbeida erfaring med bruk av privateigde elevmaskiner. Saman med dei tiltaka som nå er iverksett på bakgrunn av erfaringane vil komande skuleår by på færre utfordringar.

